



Arkivnr: 2014/10543-13

Saksbehandlar: Jon-Rune Smørdal

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Fylkesutvalet		26.03.2015

Eigarskapsmelding 2015 - forenkla melding

Samandrag

I 2013 vart det gjort ein revisjon av eigarskapsforvaltninga i Hordaland fylkeskommune og ny eigarskapsmelding vart godkjent av fylkestinget sommaren 2013. Etter gjeldande prosedyre skal neste eigarskapsmelding leggst fram for fylkestinget seks månadar etter val av nytt fylkesting hausten 2015.

Mellom kvar valperiode skal det leggst fram ei forenkla melding kvart år der fylkesrådmannen kort går gjennom endingar sidan sist melding og presenterer nøkkelopplysningar for dei selskapa fylkeskommunen har eigardelar i. Fylkesrådmannen vurderer det slik at det ikkje er behov for å foreslå endringar i eigarskapsstrategi som vart oppdatert i eigarskapsmelding for 2013. Ei nærare vurdering av eigarskapsstrategi og eventuelt behov for å gjere andre endringar i eigarskapsforvaltninga, vil fylkesrådmannen kome attende til i eigarskapsmelding for 2016.

Endingar sidan forenkla eigarskapsmelding 2014:

- I Atheno AS er det gjort ein retta emisjon våren 2014 for at fleire sentrale industribedrifter i Sunnhordaland skal gå inn som eigarar i selskapet.
- Sunnhordaland bru- og tunnelselskap er avvikla etter at bompengeneinnkrevjinga vart avslutta. Overskotet på i overkant av 30 mill. kr er overført til Hordaland fylkeskommune og skal brukast til samferdselstiltak i nærområdet.
- Hordaland fylkeskommune har teke del i aksjekapitalutviding i Storeholmen VTA AS med kr 365 000. Storeholmen VTA AS har endra namn til Hardanger AKS.
- Norheimsund industrier AS er omstrukturert etter underskot over fleire år og endra namn til Norhand Industri AS. Hordaland fylkeskommune sin aksjekapital på 0,765 mill. kr er tapt.
-

Forslag vedtak

Fylkesutvalet tek forenkla eigarskapsmelding 2015 i Hordaland fylkeskommune til orientering.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Johnny Stiansen
fylkesdirektør økonomi

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Vedlegg:

1 Selskapsoversikt

Fylkesrådmannen, 11.03.2015

Prosedyren for eigarskapsmeldinga er at meldinga skal leggjast fram i løpet av dei fyrste seks månadane etter val av nytt fylkesting. Fylkesrådmannen vil i samsvar med dette leggja fram ny eigarskapsmelding våren 2016.

I tillegg er det lagt opp til at det årleg i valperioden skal leggjast fram ei enklare melding. I denne meldinga vil fylkesrådmannen kort summere opp status for eigarskapsforvaltninga, gå gjennom endringar sidan sist eigarskapsmelding og vise nøkkelopplysningar for dei selskapa fylkeskommunen har eigardelar i.

Status for oppfølging av forvaltningsrevisjon av eigarskapsstyring

I mars 2013 handsama fylkestinget sak om eigarskapsstyring på bakgrunn av gjennomført forvaltningsrevisjon av eigarskapsstyring i Hordaland fylkeskommune. Ny eigarskapsmelding vart lagt fram for fylkestinget i juni 2013, der dei fleste av punkta i forvaltningsrevisjonen var følgt opp. Dei ulike selskapa vart sortert etter føremål og eigarmålstrategi vart oppdatert for kvart enkelt selskap. Ansvars- og oppgåvefordeling knytt til eigarskapsforvaltning vart også avklart. I den nye eigarskapsmeldinga gjekk fylkesrådmannen gjennom eigarskapsforvaltninga i Hordaland fylkeskommune, sett i forhold til KS sine 19 tilrådingar, og viste at forvaltninga på dei fleste punkt følgjer tilrådingane.

Det som sto att å følgje opp etter eigarskapsmeldinga i 2013 var følgjande punkt:

- Utarbeide notat som kan gi politikarane i Hordaland fylkeskommune naudsynt rettleiing med omsyn til praktisering av ugildskap.
- Utarbeide rutinar, saman med valnemnda, for val av styrerepresentantar, der det mellom anna kan gå fram kven som kan veljast og kva kvalifikasjonar som skal vektleggast.
- Utarbeide rutinar og retningslinjer for utøving av styreverva. Slike rutinar kan omfattast av eigarskapsmeldinga og kan t.d. omhandle registrering av styreverv, vurdering av habilitet og liknande.

Notat om praktisering av ugildskap vart lagt fram for fylkespolitikarane i mars 2014.

I forenkla eigarskapsmelding for 2014 kjem det fram at dei to siste punkta skal følgjast opp i god tid før neste fylkestingsval. Eit politisk arbeidsutval har utarbeidd forslag til regelverk for val av styrerepresentantar og rutine for utøving av styreverva. Utvalet la fram følgjande innstilling til regelverk:

1. *I selskap der fylkeskommunen har aksjemajoriteten skal styret som hovudregel ha 5 medlemmer.*
2. *Frå valperioden 2015 – 2019 skal styret i Hardangerbrua AS ha 3 medlemmer.*
3. *Fylkesutvalet har funksjonen som eigarorgan for fylkeskommunen sitt eigarskap i aksjeselskap.*
4. *Fylkestinget ønskjer at folkevalde framleis skal kunna veljast til styreverv i selskap, men det skal i større grad vurderast å gjera framlegg om eksterne kandidatar.*
5. *Fylkesrådmannen må leggja til rette for at det vert gitt relevant opplæring til styremedlemmer valde av fylkeskommunen og styremedlemene i selskap der fylkeskommunen har aksjemajoritet.*
6. *Fylkestinget vedtek Retningslinjer for val av styrerepresentantar og Retningslinjer for utøving av vervet som styrerepresentant slik dei kjem fram i saka.*
7. *Retningslinjene vert rullerte i 2. halvdel av valperioden.*

Fylkestinget handsama utvalet si innstilling i møte 10. mars 2015 og gjorde slikt vedtak:

«Fylkestinget vedtek Eigarskapsforvaltning – Styrerepresentasjon og kompetanse med retningslinjer slik det ligg føre i innstillinga frå arbeidsutvalet.

Det bes om en ny sak hvor det fremmes forslag til anbefaling av prinsipper for eierstyring og selskapsledelse ("corporate governance") / prinsipper for utøvelse/ivaretagelse av styreverv på vegne av Hordaland fylkeskommune.»

For nærare opplysningar om retningslinjer for styrerepresentasjon og kompetanse viser fylkesrådmannen til den nemnde fylkestingssaka.

Fylkesrådmannen vurderer det slik at alle punkta i forvaltningsrevisjonen frå 2013 no er følgt opp.

Fylkesrådmannen vil kome attende til andre avsnitt i fylkestinget sitt vedtak jf. ovanfor – prinsipp for eigarstyring og selskapsleiing ("corporate governance")/ prinsipp for utøving/ivaretaking av styreverv på vegne av Hordaland fylkeskommune – i eigarskapsmeldinga våren 2016.

Endringar i selskap og oppdateringar sidan sist melding

Fylkesrådmannen har gått gjennom nøkkelopplysningar registrert i Brønnøysundregistrene, protokollar frå generalforsamlingar og sjekka med kontaktpersonane i administrasjonen om det har vore gjort endringar i selskapa siste året. Ut frå tilgjengeleg informasjon er det vurdert slik at det ikkje er behov for å foreslå endringar i vedtektene til selskap fylkeskommunen har eigardelar i, eller foreslå endingar i eigarskapsstrategi.

Endringar sidan sist melding:

- I Atheno AS er det gjort ein retta emisjon våren 2014 for å få fleire sentrale industribedrifter i Sunnhordaland inn som eigarar i selskapet.
- Sunnhordaland bru- og tunnelselskap er avvikla etter at bompenggeinnkrevjinga vart avslutta. Overskotet på i overkant av 30 mill. kr er overført til Hordaland fylkeskommune og skal brukast til samferdselstiltak i nærområdet.
- Fylkesutvalet vedtok 24.09.2014 at Hordaland fylkeskommune tek del i aksjekapitalutviding i Storeholmen VTA AS med kr 365 000, med midlar avsette i investeringsbudsjettet til næringsføremål.
- Storeholmen VTA AS endra namn til Hardanger AKS i ekstraordinær generalforsamling 21. januar 2015.
- Voss Bedriftservice AS har skifta namn til Kveik AS etter at det fusjonerte med Lekve Industrier AS.
- Norheimsund Industrier AS er omstrukturert etter underskot over fleire år. Aksjekapital er satt ned frå 1,8 mill. kr til 0 og Hordaland fylkeskommune sin aksjekapital på 0,765 mill. kr er tapt. Attføringsverksemda i selskapet er overført til Storeholmen VTA, som no har skifta namn til Hardanger AKS. Med verknad frå og med desember 2014 har då Norheimsund industrier AS, som har skifta namn til Norhand Industri AS, til føremål å eige, investere og drifte fast eigedom. Det er gjort ein kapitalauke med teikning av nye aksjar etter omstruktureringa. Hordaland fylkeskommune har ikkje gått inn med ny kapital og har ikkje eigardelar i det nye eigedomsselskapet Norhand Industri AS. Norheimsund Industrier AS er på bakgrunn av dette tatt ut av fylkeskommunen sin selskapsportefølje.

Selskapskontroll av Hardangerbrua AS og Fastlandsamband Halsnøy AS

Det er gjennomført selskapskontroll av Hardangerbrua AS og Fastlandsamband Halsnøy AS i 2014. Rapportene vart handsama i kontrollutvalet 16.02.2015 og var oppe som eigne saker i fylkestinget sitt møte 10.03.15. Fylkesrådmannen vil kome attende til oppfølging av fylkestinget sine vedtak i samband med selskapskontrollane i eigarskapsmeldinga våren 2016.

Oversikt over selskap Hordaland fylkeskommune har eigardelar i (sortert etter sektor)

Selskap	Fagavdeling i HFK	Kontaktperson i adm.	Føremål	Sektor	Eigardel
Beredt AS	Regionalavdelinga	Hans Inge Gloppen	Samfunnmessig	Arbeidsmarknadsverksemd	100,0
Hardanger AKS (skifta namn frå Storeholmen VTA)	Regionalavdelinga	Hans Inge Gloppen	Samfunnmessig	Arbeidsmarknadsverksemd	38,7
Kveik AS	Regionalavdelinga	Hans Inge Gloppen	Samfunnmessig	Arbeidsmarknadsverksemd	23,3
Nordhordland Industriservice AS	Regionalavdelinga	Hans Inge Gloppen	Samfunnmessig	Arbeidsmarknadsverksemd	17,7
Opero AS	Regionalavdelinga	Hans Inge Gloppen	Samfunnmessig	Arbeidsmarknadsverksemd	16,6
Strandgaten 195 AS	Økonomiavdelinga, Eigedomsseksjonen	Helge Haavardtun	Samfunnmessig	Eigedom	100,0
Griegghallen IKS	Økonomiavdelinga, Eigedomsseksjonen	Helge Haavardtun	Samfunnmessig	Eigedom	50,0
AS Strandgaten 196	Økonomiavdelinga, Eigedomsseksjonen	Helge Haavardtun	Samfunnmessig	Eigedom	33,3
Valen Kraftverk AS	Økonomiavdelinga	Johnny Stiansen	Finansielt	Energi	100,0
Kommekraft AS	Regionalavdelinga	Tale Halsør	Samfunnmessig	Energi	0,3
Hordaland Teater L/L	Kultur- og idrettsavdelinga	Ronny Skaar	Samfunnmessig	Kultur	60,0
Vestnorsk Filmsenter AS	Kultur- og idrettsavdelinga	Ronny Skaar	Samfunnmessig	Kultur	50,0
Moster Amfi- og kyrkjehistorisk senter AS	Kultur- og idrettsavdelinga	Ronny Skaar	Samfunnmessig	Kultur	50,0
Den Nationale Scene AS	Kultur- og idrettsavdelinga	Ronny Skaar	Samfunnmessig	Kultur	16,7
Carte Blanche AS	Kultur- og idrettsavdelinga	Ronny Skaar	Samfunnmessig	Kultur	15,0
Biblioteksentralen SA	Kultur- og idrettsavdelinga	Ruth Ørnholt	Samfunnmessig	Kultur	0,8
Business Region Bergen AS	Regionalavdelinga	Næringssjef	Samfunnmessig	Næring og nyskaping	35,0
Sunnhordland Lufthavn A/S	Økonomiavdelinga	Johnny Stiansen	Samfunnmessig	Næring og nyskaping	21,0
Bergen Vitensenter AS	Regionalavdelinga	Siri Hansson	Samfunnmessig	Næring og nyskaping	19,0
Gulen og Masfjorden Utvikling AS	Regionalavdelinga	Hans Inge Gloppen	Samfunnmessig	Næring og nyskaping	9,7
Fjord Norge AS	Regionalavdelinga	Marta Dixon	Samfunnmessig	Næring og nyskaping	8,9
Atheno AS	Regionalavdelinga	Arthur K. Arnesen	Samfunnmessig	Næring og nyskaping	3,1
Innovasjon Norge, hovudkontor	Regionalavdelinga	Næringssjef	Samfunnmessig	Næring og nyskaping	2,6
Sarsia Development AS	Regionalavdelinga	Regionaldirektøren	Samfunnmessig	Næring og nyskaping	1,6
Bergen Bompengeselskap AS	Samferdselsavdelinga	Bjørn Inge Midtgård	Samfunnmessig	Samferdsel	100,0
Askøy Bompengeselskap	Samferdselsavdelinga	Bjørn Inge Midtgård	Samfunnmessig	Samferdsel	60,0
Voss og omland bompengeselskap AS	Samferdselsavdelinga	Bjørn Inge Midtgård	Samfunnmessig	Samferdsel	57,1
Bømlo Vegselskap AS	Samferdselsavdelinga	Bjørn Inge Midtgård	Samfunnmessig	Samferdsel	53,3
Hardangerbrua AS	Samferdselsavdelinga	Bjørn Inge Midtgård	Samfunnmessig	Samferdsel	53,3
Kvam Bompengeselskap AS	Samferdselsavdelinga/ Økonomiavd.	Johnny Stiansen	Samfunnmessig	Samferdsel	53,3
Fastlandssamband Halsnøy AS	Samferdselsavdelinga	Bjørn Inge Midtgård	Samfunnmessig	Samferdsel	52,6
Jondalstunnelen AS	Samferdselsavdelinga	Bjørn Inge Midtgård	Samfunnmessig	Samferdsel	52,0
AS Austevoll Bruselskap	Samferdselsavdelinga	Bjørn Inge Midtgård	Samfunnmessig	Samferdsel	51,0
Osterøy Bruselskap A/S	Samferdselsavdelinga	Bjørn Inge Midtgård	Samfunnmessig	Samferdsel	14,3
Odda Vegfinans AS	Samferdselsavdelinga	Bjørn Inge Midtgård	Samfunnmessig	Samferdsel	52,0
Bergen-Os bompengeselskap AS	Samferdselsavdelinga	Bjørn Inge Midtgård	Samfunnmessig	Samferdsel	52,0
Nordhordlandspakken AS	Samferdselsavdelinga	Bjørn Inge Midtgård	Samfunnmessig	Samferdsel	40,0
Vikafjellsvegen SA	Samferdselsavdelinga	Bjørn Inge Midtgård	Samfunnmessig	Samferdsel	20,0
Haukelivegen AS	Samferdselsavdelinga	Bjørn Inge Midtgård	Samfunnmessig	Samferdsel	3,0
Bybanen AS	Samferdselsavdelinga	Bjørn Inge Midtgård	Samfunnmessig	Samferdsel	100,0
HFK Bussanlegg AS	Økonomiavdelinga, Eigedomsseksjonen	Helge Haavardtun	Samfunnmessig	Samferdsel	100,0
Bystasjonen AS	Økonomiavdelinga, Eigedomsseksjonen	Helge Haavardtun	Samfunnmessig	Samferdsel	100,0